

Hallgeir Vetås  
Vetåsvegen 132  
5938 SÆBØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/6973 - 20/77027

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
03.12.2020

## **Landbruksak gbnr 486/5 og 7 Vetås Søndre - Svar på søknad om bygging av landbruksveg**

**Administrativt vedtak: Saknr: 1306/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Hallgeir Vetås løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 486/5 og 7 Vetås Søndre.**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som omsøkt.

**Vedtaket er gyldig til 31.12.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2**

### **Saka gjeld**

Hallgeir Vetås planlegg oppgradering av eksisterande traktorveg på gbnr 486/5 og 7. Det er ca 125 meter med veg som skal oppgraderast til vegklasse 7, landbruksvegklasse. Vegen skal gje betre tilkomst til beite og dyrka mark.

### **VURDERING:**

Formålet med denne forskriftena er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilhetsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen som er der i dag har behov for oppgradering og planlagd veg vil då gje betre tilkomst til beite og dyrka mark.

Tiltaket er i tråd med forskrifter og kommunen har ingen merknadar til tiltaket.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland. Sjå vedlegg med svar frå Vestland Fylkeskommune.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eier grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglante privat rett. Ein eventuell manglante privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

#### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6973

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn til søknad om landbruksveg - gbnr 486/7,9 - Vetås søndre  
AcosSvarInn.xml

**Mottakarar:**

Hallgeir Vetås

Vetåsvegen 132

5938 SÆBØVÅGEN